

From: Vibeke Vigestad Berge
Sent: fredag 25. mars 2022 08:03:40
To: Postmottak Ulstein
Subject: Innspill til saka om skulestruktur frå SU Haddal skule

Det har kome inn eitt innspel til skulestruktursaka frå medlemmane i SU ved Haddal skule, sjå under.

Dei andre medlemmene har fått sagt sitt via andre kanalar.

Mvh

Vibeke Vigestad Berge

rektor

Haddal skule

Sendt fra min Galaxy

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Arild Torvund Olsen <arild@hufsa.net>

Dato: 14.03.2022 19:17 (GMT+01:00)

Til:

Emne: Re: Skulestruktur og SU

Her er innspelet mitt:

Det er tydeleg i all kommunikasjon om saka at det er reint økonomiske grunnar som ligg bak ynsket frå administrasjonen om å leggja ned Haddal skule. Omsynet til kva som er best for borna, ser ut til å vera heilt sett bort frå. Elevane ved Haddal skule går i dag på ein veldriven skule med eit relativt nytt skulebygg, fantastisk uteområde og relativt kort skuleveg. Klassane er små nok til at alle vert sette og får utvikla seg innanfor trygge rammer. Å kvar dag senda borna på ei lita amerikareise med bussen til større klassar, dårlegare utemiljø og dårlegare innemiljø på Hasund, er ei særst dårleg løysing. Det er dessutan å gå baklengs inn i framtida dersom Ulstein kommune legg ned den skulen som har det uteområdet som er best eigna til å oppfylla den tverrfaglege djupnelæringa som den nye læreplanen legg opp til.

Det er elles påfallande at kommuneadministrasjonen ikkje eingong tek seg bryet med å rekna skikkeleg på om ein faktisk kjem til å spara pengar på ei nedlegging, dersom ein tek omsyn til auka transportkostnader og tap av statstilskot på grunn av foreldre som vel Møre i staden for Hasund. Det er heller ikkje usannsynleg at pengebruken til spesialundervising kan gå opp dersom klassestorleiken går opp og lærartettleiken går ned, slik administrasjonen legg opp til. Dess større klassar, dess vanskelegare vert det å gje elevane tilpassa opplæring innanfor den vanlege klasseromsundervisinga. Ulstein kommune har i dag særst høge utgifter til spesialpedagogikk, og har ynske om å redusera den utgiftsposten. Ved ei nedlegging av skular risikerer ein det motsette.

Eg vonar sterkt at omsynet til borna, levande grender og eit godt skulemiljø med små klassar kjem til å vega tyngre for Ulstein kommune enn ynsket om å pressa gjennom ei lita og i beste fall uviss økonomisk innsparing.

Arild Torvund Olsen

Den 14.3.2022 13:17 skreiv Vibeke Vigestad Berge:

Kjære medlemmer av samarbeidsutvalet ved Haddal skule

Ulstein kommune ønskjer flest mogleg innspel til skulestrukturdebatten. Dette er sjølvstøtt ei viktig sak for Haddal skule, og eg veit at alle som har noko med skulen å gjere har mange tankar og meiningar om saka.

Her er lenke til alle dokument i saka førebels: <https://www.ulstein.kommune.no/aktuelt/har-du-innspel-til-framtidas-skulestruktur.144574.aspx>

Frist for å uttale seg er 24. mars, etter det vert det skrivne politisk sak som skal opp skal opp til politisk handsaming slik:

- ungdomsrådet 2. mai
- fellesrådet 3. mai
- levekårsutvalet 4. mai
- teknisk utval 5. mai
- formannskapet 10. mai
- kommunestyret 19. mai.

Nokre av dykk kjem nok til å uttale dykk via andre kanalar enn SU, men knaskje ønskjer de å ha ein uttale frå SU også. Som sekretær for SU ber eg om at alle SU-medlemmer som ønskjer å uttale seg i saka skriv ned sine meiningar/tankar og sender til meg, så skal eg sende det inn som eit svar frå SU ved Haddal skule. Det vil seie at vi kjem ikkje med eit felles svar der alle skal vere heilt einige om alle punkt, men at vi sender eit svar der alle sine meiningar vert ordrett referert. Slik gjer SU på dei andre skulane det også i denne saka.

Eg ønskjer innspela dykkar innan onsdag 23. mars.

Venleg helsing

Vibeke Vigestad Berge

rektor

Haddal skule



ULSTEIN KOMMUNE

Tlf. 700 17721 | Mob. 95145217

postmottak@ulstein.kommune.no

www.ulstein.kommune.no